



NVE, Konesjonsavdelingen
Pb. 5091 Majorstua

0301 OSLO

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2014/563 - 7	Jørn Trygve Haug	S89	13.08.2015

Søknad om bygging av Bjørnevatn kraftverk i Valle kommune og Veringsåne kraftverk i Bykle kommune - uttale frå villreinnemnda for Setesdalsområdet

Syner til høringsbrev datert 7.4. 2015. Villreinnemnda har tidlegare fått utsett høringsfrist til 15.8.2015.

Arbeidsutvalet i villreinnemnda handsama i møte 7.8.2015 uttale til Bjørnevatn kraftverk (Clemens Kraft AS) og Veringsåne kraftverk (Veringsåne kraft AS). Saksframlegg og uttale til både søknadane ligg ved.

Saka vert bare sendt elektronisk.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
Sekretær for villreinnemnda for Setesdalsområdet

Kopi sendt på mail til:
Fylkesmannen i Aust-Agder
Aust-Agder fylkeskommune
Bykle kommune
Valle kommune



UTTALE TIL SØKNADAR OM BYGGING AV SMÅKRAFTVERK I SETESDALSOMRÅDET

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
S89	2014/563	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
15/17	Arbeidsutvalet i villreinneemnda	07.08.2015

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev
- 2 Oversiktskart
- 3 Søknad Bjørnevatn kraftverk
- 4 Miljørapport Bjørnevatn kraftverk
- 5 Søknad Veringsåne kraftverk

Bakgrunn:

Det ligg føre søknadar om løyve til bygging av til saman sju småkraftverk i setesdalsområdet. Desse lokalisert i kommunane Bygland, Valle og Bykle. Sjå vedlegg 1 og 2. Søknadane gjeld følgjande kraftverk:

Bygland kommune

- Melfallet II småkraftverk

Valle kommune

- Bjørnevatn kraftverk
- Uppstad kraftverk
- Flårendsfossen kraftverk
- Straume kraftverk

Bykle kommune

- Tveiteråni kraftverk
- Veringsåne kraftverk


Av dei nemnde småkraftverka er det *Bjørnevatn kraftverk* i Valle og *Veringsåne kraftverk* i Bykle som er relevante i høve til villreininteressene. Uttalen gjeld difor desse prosjekta.

Bjørnevatn kraftverk (vedlegg 3 og 4)

Inntaket er planlagt på kote 764 m.o.h. Tillaupsrøyret skal gravast ned og vil få ei lengde på 11 00 m. Det må byggjast ny permanent tilkomstveg til kraftstasjon og ein mellombels veg opp langs røyrgata. Årleg produksjon er rekna til 6,2 GWh. Tilknytning til nett er ikkje fullstendig avklara men ei line til eksisterande nett ved Bjørnara er nemnd i søknaden. Utbyggingskostnad er stipulert til 6,20 kr/kWh. Kartet under syner lokalisering av anlegget.



Norconsult har utarbeida ein eigen miljørapport til søknaden. Tiltaksområdet ligg jamfør naturbasen i viktig trekkområde for villreinstammen i Setesdal Austhei. I regional plan (Heiplanen) har tiltaksområdet status som *omsynssone trekkområde*. Trekket gjennom influensområdet er sentralt for årstidstrekket ved Bjørnevatn, og vesentleg i høve til at villreinen gjennom året skal kunne nytte områda både sør og nord for fylkesvei 45. I rapporten vert det synt til NINA-rapport frå det avslutta GPS-prosjektet (Strand mfl. 2011). Kartet under syner kor dei merka dyra trakk igjennom området. Tiltaksområdet for småkraftverket ligg i øvre halvdel av område 4. På grunn av influensområdet sin funksjon som trekkområde for villrein vert området vurdert å ha stor verdi for pattedyr.



Av miljørapporten går det fram at anleggsarbeid i perioden i og rundt trekktidspunktet om våren vil vera sær s uheldig. Vidare at villreinen reagerer klart negativt på menneskelege installasjonar og aktivitet, slik at anleggsverksemd i samband med kraftverket vil kunne føre

til ekstra barrierar for villrein på trekk. Av føre-var-omsyn vurderast difor *anleggsfasen* å gi stor negativ konsekvens for pattedyr. Konsekvensgraden kan likevel reduserast vesentleg om anleggsarbeidet vert lagt utanom dei viktige trekkperiodane, særleg gjeld det perioden frå starten av april til midten av mai.


Dei negative konsekvensane for villrein i *driftsfasen* vil hovudsakeleg vera knytt til menneskeleg aktivitet knytt til vedlikehald og inspeksjon, samt støy får turbin. Dei fysiske installasjonane vil truleg ikkje fungere som nokon direkte barriere. I trekkperiodane vil all aktivitet knytt til kraftverket vera negative faktorar for trekket. Samla vurderast kraftverket å føre til middels negativ omfang og konsekvens for pattedyr i driftsfasen.

Med bakgrunn i nemnde tilhøve er følgjande avbøtande tiltak er foreslått i søknaden:

- Forsøke å legge anleggsarbeidet utanom vårtrekket
- Minimering av ferdsel til anlegget i trekkperiodane inkludert å unngå maskinell tilkomst for reinsk av varegrind i trekkperioden på hausten.
- Utforming av varegrind slik at trong for reinsk vert redusert.

Veringsåne kraftverk (vedlegg 5)

Inntaket er planlagd på kote 910 moh. Tilløpsrøyret vert 580 meter langt og er planlagd gravd ned. Det må byggjast ny permanent veg for tilkomst til kraftstasjon, lengde på denne er om lag 300 m. Langs røyrkata vert det bygd mellombels veg. Årleg produksjon er rekna til 5,42 GWh. Utbyggingskostnad er rekna til 3,69 kr/kWh. Total kostnad er rekna til 20 mill.kr. Kartet under syner lokalisering av anlegget rett vest for Breive i Bykle. Inntaket er merka med blå firkant og kraftstasjonen med raud firkant. Tilknytning til straumnett er planlagd via ein 250 lang jordkabel parallelt med planlagt tilkomstveg. Like nedanfor planlagd kraftverk ligg eksisterande inntak til overføringstunnel Lislevatn – Førsvatn.



Til søknaden følger ein eigen miljørapport/verdivurdering. Omsyn til villrein er omtala i denne:

- Øvre del av tiltaksområdet tangerar eit merka trekkområde for villrein, dvs på tvers av dalføret og Veringsåne. Elvestrekningen som vert nytta er dei grunne partia der inntaksterskel vil kome. Terrenginngrep, støy og andre forstyrringar vil vera uheldig for villreinen i sjølve anlggsperioden. I driftsfasen vil dei negative verknadane raskt reduserast. Vesentleg er at villreinen vil ha fleire alternative kryssingspunkt som ligg utanfor tiltaksområdet.
- Areal langs Veringsåne er definert som heilårs leveområde for villrein men vert lite nytta. I følge lokalkjende kryssar ikkje villreinen Veringsåne nedanfor punktet der inntaket vil kome.
- Aktuelt avbøtande tiltak for villrein vil vera å redusera eller unngå anleggsverksemd i villreinens trekkperiode.

Delar av tiltaksområdet ligg jfr. Heiplanen i *omsynssone nasjonalt villreinområde*. Grensa til verneområdet SVR går om lag 600 meter ovanfor planlagd inntak.

Vurdering:

Bjørnevatn kraftverk


Setesdal Austhei er eit nasjonalt villreinområde. I vedteken regional plan (Heiplanen) er det gjeven følgjande retningsline for omsynssone trekkområde: *«Det skal ikkje godkjennes byggetiltak som kan stenge av eller forverre dagens situasjon i disse trekkområdene»*. Vinterbeitene ligg i all hovudsak nord for fylkesvei 45, mens områda sør for vegen er viktige kalvingsområde. Ivaretaking av villreintrekket i Bjørnevatnområdet er difor avgjerande for oppretthalding av villreinstammen i austheia. Ein konsekvens av brot i dette trekket vil truleg vera ein monaleg reduksjon i stammestorleik. Dette som følge av lite tilgjengeleg vinterbeite.

Det er vesentleg at søknaden om utbygging av Bjørnevatn kraftverk vert sett i samanheng med anna utbygging i området, i første rekke eksisterande og planlagt hytteutbygging sør og nord-aust for tiltaksområdet. Det er ein klar mangel at dette perspektivet ikkje kjem fram i søknaden. Sekretær syner her til naturmangfoldloven § 10 om *Økosystemtilnærming og samla belastning*. Ved realisering av utbyggingsplanane for hytter i området ved Bjørnevatn vil det vera ein sone på om lag 4 km. som i kan fungere som ein trekkorridor for villrein. Det vil såleis vera kritisk viktig at det ikkje vert gjort tiltak her som kan redusera villreinens trekkmoglegheit, til dømes gjennom bygging av småkraftverk. Avbøtande tiltak kan til ein viss grad kompensere for dei negative verknadane, men likevel ikkje nok sidan den totale belastninga på området allereie er stor. Sekretær syner her til NINA-rapport 694 s. 129 (Strand mfl 2010) det det går fram at *«Ut frå tilgjengelig data vurderer vi dette fokusområdet å være ved en kritisk grense for kva som tåles av ny utbygging»*


Ved tilknytning av Bjørnavtn kraftverk til eksisterande nett ved Bjørnå vil ein vera eit langt skritt nærmare tilrettelegging for straumforsyning til hytteområda ved Bjørnevatn. Dette vil legge til rette for standardheving og auka bruk av hytten i området. På mange vis er dette ein positiv effekt og for mange ein ønska og naturleg utvikling. I høve til villrein vil det likevel kunne føre til ein ytterligare forverring av trekkmoglegheita gjennom området.

Veringsåne kraftverk


Anlegget ligg delvis innafor nasjonalt villreinområde jfr. Heiplanen. I miljørapporten er det omtala eit trekkområde i øvre del av tiltaksområdet, men status og reell bruk av dette er lite utgreia. Kartet under er henta frå www.dyreposisjoner.no og syner posisjonar frå GPS-merka dyr. Av dette ser ein at dyr mellom anna har kryssa mellom planlagd inntak og kraftstasjon. Viktigheita av denne trekkorridoren burde i langt større grad vore greia ut i søknaden. Kartet syner og at høgdedraga kring Veringsvatne vert mykje nytta av villrein og da gjennom store delar av året. Dette står da i motstrid til opplysningar gjeven i miljørapporten.



Tiltaksområdet ligg nær opp til Hovden som er eit monaleg reiselivsområde. Bykle kommune har utarbeida eigen kommunedelplan for løyper. Kartutsnittet under er henta frå kommunedelplanen og syner lokalisering av sommar- og vinterløyper. Ved vurdering av søknad om Veringsåne kraftverk i høve til villrein er det vesentleg at anlegget også vert vurdert i høve til anna ferdsel og aktivitet i kringliggjande område. For villrein er ofte slike sumeffektar viktigare enn verknaden av einskilde tiltak.



Kommunedelplan for løyper, vinter. Kjelde: www.bykle.kommune.no



Kommunedelplan for løyper, sommar. Kjelde: www.bykle.kommune.no

Framlegg til uttale:

Bjørnevatn kraftverk:

For ivaretaking av villreinstammen i Setesdal Austhei er det vesentleg at det ikkje vert tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere villreinen sin moglegheit til å trekke gjennom områda ved Bjørnevatn. Arbeidsutvalet legg vekt på at tiltaksområdet ligg i eit område som er avgjerande viktig å halde fri for inngrep og forstyrring. Det vert her synt til NINA-rapport 694. Ved vurdering av søknaden om bygging av Bjørnevatn kraftverk er det vesentleg at tiltaket vert sett i samanheng med eksisterande og planlagd hytteutbygging sør og nord-aust for tiltaksområdet. Arbeidsutvalet syner her til naturmangfoldloven § 10 om samla belastning. I søknaden vert det foreslått fleire avbøtande tiltak for ikkje å skape hinder for bruk av trekkorridoren. Desse vil ikkje vera tilfredsstillande da aktiviteten/forstyrringa kjem i tillegg til anna forstyrring i området knytt til vegtrafikk og aktivitet knytt til bruk av hytter i området. Med bakgrunn i dette er arbeidsutvalet sterkt i mot at det vert gjeven løyve til bygging av Bjørnevatn kraftverk.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Veringsåna kraftverk:

Innanfor tiltaksområdet ligg det trekkorridor som vert nytta av villrein. Før det vert teken stilling til søknad om bygging av kraftverk i området må det greiast ut viktigheita av denne trekkorridoren og kva avbøtande tiltak som vil vera naudsynt. Vesentleg for slike vurderingar er at verknaden av tiltaket kjem i tillegg til ferdsel og aktivitet knytt til utfart frå Hovdenområdet.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 07.08.2015

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Bjørnevatn kraftverk:

For ivaretaking av villreinstammen i Setesdal Austhei er det vesentleg at det ikkje vert tillate byggetiltak som ytterligare vil redusere villreinen sin moglegheit til å trekke gjennom områda ved Bjørnevatn. Arbeidsutvalet legg vekt på at tiltaksområdet ligg i eit område som er avgjerande viktig å halde fri for inngrep og forstyrning. Det vert her synt til NINA-rapport 694. Ved vurdering av søknaden om bygging av Bjørnevatn kraftverk er det vesentleg at tiltaket vert sett i samanheng med eksisterande og planlagd hytteutbygging sør og nord-aust for tiltaksområdet. Arbeidsutvalet syner her til naturmangfoldloven § 10 om samla belastning. I søknaden vert det foreslått fleire avbøtande tiltak for ikkje å skape hinder for bruk av trekkorridoren. Desse vil ikkje vera tilfredsstillande da aktiviteten/forstyrninga kjem i tillegg til anna forstyrning i området knytt til vegtrafikk og aktivitet knytt til bruk av hytter i området. Med bakgrunn i dette er arbeidsutvalet sterkt i mot at det vert gjeven løyve til bygging av Bjørnevatn kraftverk.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Veringsåna kraftverk:

Innanfor tiltaksområdet ligg det trekkorridor som vert nytta av villrein. Før det vert teken stilling til søknad om bygging av kraftverk i området må det greiast ut viktigheita av denne trekkorridoren og kva avbøtande tiltak som vil vera naudsynt. Vesentleg for slike vurderingar er at verknaden av tiltaket kjem i tillegg til ferdsel og aktivitet knytt til utfart frå Hovdenområdet.

Arbeidsutvalet syner elles til saksutgreiinga.

Kopi til:

Aust – Agder fylkeskommune
Fylkesmannen i Aust-Agder
Valle kommune
Bykle kommune